VINDAFJORD KOMMUNE

Forskrift om skulereglar Vindafjord kommune med konkretiseringar for Sandeid oppvekstsenter

Gjeldande frå 1. august 2024

Fastsett av Vindafjord kommunestyre 18. juni 2024, sak 038/24, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §10-7.

§1Formål og verkeområde

Reglane skal bidra til at barn og unge i grunnskulen har eit trygt og godt skulemiljø der dei trivst, lærer og opplever å høyre til i fellesskapet.

Forskrifta gjeld for alle elevar i grunnskulen både i skuletida, på skulevegen, på SFO og ved arrangement under leiing av skulen.

§2 Omsynet til eleven sitt beste og retten til å bli høyrt

I alle saker som vert handsama etter desse reglane skal omsynet til eleven sitt beste vere grunnleggande. Skulen skal også ta i vare eleven sin rett til å bli høyrt.

§3 Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre og eigendelane deira, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller andre personar på skulen.
Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

§4 Undervisningssituasjonen

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møta førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

§5 Eigedom

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.

§6 Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon

Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon skal ikkje nyttast i skuletida og SFO.
Tilsett kan gi unntak i samband med undervisning.

§7 Konsekvensar ved brot på skulereglane

1. Samtale med eleven
2. Mobiltelefon kan bli dregen inn og oppbevart til slutten av dagen. Rusmiddel og farlege gjenstandar som vert tekne inn blir utlevert til føresette om dei ber om det (dette i tråd med retningslinjene til Udir).
3. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert ved melding eller merknad.
4. Samtale med elev og foreldre/føresette
5. Eleven kan i ein periode få avgrensa rettar på skulen.
6. Ved gjenteken bruk av mobiltelefon eller klokke med meldingsfunksjon kontaktar skulen heimen.

7. På ungdomsskulen skal det vurderast om brotet fører til nedsett karakter i orden eller åtferd (jmfr. Vurderingskriteria i orden og åtferd).
8. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar (jmfr. Opplæringslova §13-1)

"Kommunen kan fastsetje i skulereglane at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.

Rektor/einingsleiar sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor/einingsleiar bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar."

ELEVEN HAR RETT TIL Å UTTALA SEG / BLI HØYRT FØR TILTAK VERT SETT I VERK.

§8 Lokale konkretiseringar



Ved Sandeid skule gjeld desse lokale reglane:

Arbeidet på skulen er avhngig av vilje til samarbeid. Gjensidig respekt er heilt nødvendig for at skulen og skulearbeidet skal bli triveleg og godt.

DU HAR MELLOM ANNA RETT PÅ

- at alle er høflege og greie mot deg
- at ingen ertar deg
- at sykkelen, ytterkleda, ranselen, elevarbeid eller andre saker får vera i fred
- at det er nødvendig ro og orden i timane

DU HAR MELLOM ANNA PLIKT TIL Å

- visa forståing for alle som er på skulen, slik at ingen vert gåande aleine
- vera med å ta godt vare på skulen sin eigendom
- vera med på å halde det fint og rydding utanfor skulen
- halde deg på skulen sitt område i friminutta og passe dei fastsette tidene

ELLES GJELD DESSE REGLANE

- alle elevar skal vera ute I friminutta, særlege grunnar kan gje unntak
- snøbalkasting føregår på tilvist plass og etter avtale
- skulen ønskjer ikkje at elevane syklar på skulen før dei går i 4. Klasse
- syklar parkerast langs veggen til høgre for hovudinngang til skulen
- skatebanen skal berre brukas til sparkesykkel, rullebrett og rulleskeiser, og alle må ha hjelm
- du har sjølv ansvar for private eigendeler dersom du tek dette med til skulen

- det er ikkje tillatt med snop, brus og tyggis på skulen, unntaksvis kan det bli gitt løyve ved ein tur e.l.
- det er ikkje lov å ha farlege reiskapar (kniv, stikkvåpen o.b.)

BROT PÅ REGLANE

På **Sandeid skule** satsar me først og fremst på å utvikle eit godt klassemiljø

- dei vaksne skal vere forutsigbare
- unngå opne konfrontasjonar i klasserom
- fokuser på den konkrete hendinga
- la eleven / elevane først fortelje sin versjon av hendinga – ver aktiv lyttar

Foreldre/føresette kan bli kontakta ved brot – kvar episode vil bli vurdert individuelt.

VED TRUANDE ÅTFERD / FORHOLD TIL MEDELEVAR

- avklaring av situasjonen, samtale med alle partar
- ved alvorleg episodar møter involverte rektor, kontaktlærar blir varsla
- § 12-4 plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

Reaksjonar overfor eleven:

- Endring av friminutt
- telefon til føresette om at eleven må hentas
- ved nokre høve kan elevar sjølv bli bedne om å ringe heim for å forklare situasjonen

VED TRUANDE ÅTFERD / FORHOLD TIL VAKSNE

Munnlege truslar:
Rektor avtalar møte med føresette dersom det er aktuelt

Reaksjon:
- endring av friminutt
-§12-4 aktivitetsplan, kontaktlærar følgjer opp

HERVERK PÅ EIGEDOM
Meld frå til rektor. Rektor følgjer opp saka. Føresette blir varsla.

Skulen pliktar å gjere desse reglane kjend for elevar og føresette kvart år.

Sandeid skule, 24.08.24

Inger Kathrine Sundve
Einingsleiar Sandeid oppvekstsenter